

Hemsedal kommune

Møteprotokoll

Formannskapet

Møtedato: 20.05.2008

Sted: Kommunestyresalen

Fra kl/til kl: 08.30 – 11.30

Behandla saker: 44/08-50/08

Tilstades:

Funksjon	Navn
Ordfører	Oddvar Grøthe
Varaordfører	Olav Støyten
Medlem	Tove Eggen Lien
Medlem	Odd Holde
Medlem	Ernst-Tore Eggen

Forfall: Ingen

Som varamedlemer møtte: Ingen

Andre: Rådmann Gabriel Johannessen

Diverse merknader:

Underskrifter:

Oddvar Grøthe

Olav Støyten

Saksoversikt

Saknr.	Arkivsaksnr. Tittel
44/08	08/606 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE
45/08	08/606 MELDINGAR
46/08	06/33 SAL AV TORSET SKULEHUS OG SLETTOSTUGO
47/08	08/202 REKNESKAP OG ÅRSMELDING HEMSEDAL KOMMUNE – 2007
48/08	06/1587 HALLINGDAL BRANN- OG REDNINGSTENESTE – ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2007
49/08	08/587 STYRKE BUSETTING, REKRUTTERING I HALLINGDAL – TILSKOT
50/08	08/586 HALLINGKOST - VIDARE DRIFT. TILSKOT

Saknr. 44/08

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE

Innstilling:

Protokoll frå møtet i formannskapet 22. april 2008 vert godkjent

Behandling:

Merknad til sak 36/08 frå Olav Støyten, Krf:

Leiar og nestleiar i Hovudutval for Plan og Ressurs skal samen med leiar teknisk drift vera med på gjennomgang av utplassering av containarar i kommunen

Innstilling med merknad frå Olav Støyten vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Protokoll frå møtet i formannskapet 22. april 2008 vert godkjent med denne merknaden:

Leiar og nestleiar i Hovudutval for Plan og Ressurs skal samen med leiar teknisk drift vera med på gjennomgang av utplassering av containarar i kommunen

Saknr. 45/08

MELDINGAR

Innstilling:

Formannskapet har ingen merknader til meldingane

Behandling:

Merknad frå Odd Holde, H:

Formannskapet ber om at saker som skal handsamast i Regionrådet og som gjeld disponering av økonomiske midlar blir drøfta i formannskapet FØR Regionrådet gjer vedtak. Viser til Regionrådet, sak 34/08, vedr. Partnerskap med Buskerud fylkeskommune.

Innstilling med merknad frå Odd Holde vedteken. Samøystes.

Vedtak:

Formannskapet tar meldingane til orientering med denne merknaden:

Formannskapet ber om at saker som skal handsamast i Regionrådet og som gjeld disponering av økonomiske midlar blir drøfta i formannskapet FØR Regionrådet gjer vedtak. Viser til Regionrådet, sak 34/08, vedr. Partnerskap med Buskerud fylkeskommune.

Saknr. 46/08

SAL AV TORSET SKULEHUS OG SLETTOSTUGO

Innstilling:

Saka vert utsett. Administrasjonen vert beden å undersøkje om det vert krevd reguleringsendring for eigedomen til Tom Ole Thorseth

Behandling:

Omforeint framlegg:

1. Formannskapet sender saka over til Hovedutval for Livsløp og ber utvalet vurdere følgjande:
 - Oppheving av tidlegare vedtak om Torsetskulen som tusenårsstad?
 - Om aktørar som til dømes anten Hemsedal Historielag, Lions eller Folkemuseet kan ynskje å ta over bygget vederlagsfritt?
2. Slettostugu vert ikkje fjerna. Ein ber om at administrasjonen ser nærare på heilskapen ved eigedomen. Administrasjonen må følgje opp spørsmålet om kjøp av den del av område som ikkje er i kommunal eige, men som ligg i område regulert til offentlege føremål.

Omforeint framlegg vedteke. Samrøystes.

Vedtak:

1. Formannskapet sender saka over til Hovedutval for kultur og oppvekst og ber utvalet vurdere følgjande:
 - Oppheving av tidlegare vedtak om Torsetskulen som tusenårsstad?
 - Om aktørar som til dømes anten Hemsedal Historielag, Lions eller Folkemuseet kan ynskje å ta over bygget vederlagsfritt?
2. Slettostugu vert ikkje fjerna. Ein ber om at administrasjonen ser nærare på heilskapen ved eigedomen. Administrasjonen må følgje opp spørsmålet om kjøp av den del av området som ikkje er i kommunal eige, men som ligg i område regulert til offentlege føremål.

Saknr. 47/08

REKNESKAP OG ÅRSMELDING HEMSEDAL KOMMUNE - 2007

Innstilling:

Hemsedal kommunestyre vedtek rekneskap og årsmelding for 2007.

Behandling:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Hemsedal kommunestyre vedtek rekneskap og årsmelding for 2007.

Saknr. 48/08

HALLINGDAL BRANN- OG REDNINGSTENESTE - ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2007

Innstilling:

Årsmelding og rekneskap 2007 for Hallingdal brann- og redningsteneste vert tatt til orientering.

Behandling:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Årsmelding og rekneskap 2007 for Hallingdal brann- og redningsteneste vert tatt til orientering.

Saknr. 49/08

STYRKE BUSETTING, REKRUTTERING I HALLINGDAL - TILSKOT

Innstilling:

1. Hemsedal kommune ynskjer å delta i eit 2-årig regionalt rekrutterings/tilflyttingsprosjekt for Hallingdal, basert på vedlagt saksframlegg, med oppstart august 2008.